

# Rapport frå 34th Annual Course on International Law and Legal Information, Berlin, 20.-24. september 2015

---

Den 20.-24. september 2015 deltok eg på [den 34. årlege konferansen til International Association of Law Libraries \(IALL\)](#). Tema for konferansen dette året var tysk rett: «Within and in between : German legal tradition in times of internationalization and beyond». Vertskap var [Staatsbibliothek zu Berlin, Potsdamer Platz](#), og lokal arrangementskomité blei profesjonelt leia av Ivo Vogel ved Fachinformationsdienst für internationale und interdisziplinäre Rechtsforschung.

IALL samlar kvart år tilsette i juridiske bibliotek frå heile verda til konferanse. Konferansen blir arrangert på ulike stader rundt i verda. Det er vanleg at delar av programmet har tilknytning til rettssystemet i vertslandet. Dette er ein stor og viktig arena for fagleg påfyll og bygging av faglege nettverk.

Konferansen dette året samla om lag hundre deltakrar. Noreg var representert med heile ni deltakrar. Dei nordiske landa var elles sparsamt representerte.

Som tilsett og stadleg leiar på Bibliotek for juridiske fag ved Universitetsbiblioteket i Bergen hadde eg stort utbytte av å delta på denne konferansen. Sidan konferansestaden dette året var Berlin, inneholdt programmet innslag relatert til tysk og europeisk rett. Det norske og det tyske rettssystemet har mykje av den same rettstradisjonen og står overfor dei same utfordringane når det gjeld internasjonaliseringa av retten. Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen har utstrekkt samarbeid med tyske juridiske fakultet. Utveksling av både tilsette og studentar ved fakultetet skjer i aukande grad, både til Tyskland og andre europeiske land. Det var såleis nyttig å etablera kontaktar med representantar for juridiske bibliotek frå desse landa.

Det kulturelle og sosiale programmet var også interessant og relevant - med utfluktar og besøk til institusjonar med relevans for tilsette i juridiske bibliotek. Slik blei det skapt arenaer som la godt til rette for nettverksbygging.

Til konferansen kom også representantar for forlag og leverandørar av juridiske informasjonstenester. Det var såleis høve til å knyta kontaktar med desse verksemndene og få informasjon og eventuelt demonstrasjon av kva dei har å tilby.

Eg takkar for reisestipendet frå Forsker forbundets bibliotekforening.

Med helsing  
Britt-Inger Bjørsvik  
Hovedbibliotekar  
Bibliotek for juridiske fag  
Universitetsbiblioteket i Bergen



Norsk delegasjon: Frå venstre: Britt-Inger Bjørsvik, Bibliotek for juridiske fag, UB Bergen; Hilde Westbye, Juridisk bibliotek, UB Oslo; Karen Danbolt, Juridisk bibliotek, UB Oslo; Bente Stenhaug, Psykologi- og jusbiblioteket, UB Tromsø; Anne GunBekken, Juridisk bibliotek, UB Oslo; Rebecca J. Five Bergstrøm, Juridisk bibliotek, UB Oslo; Randi Halveg Iversby, Juridisk bibliotek, UB Oslo; Ivan J Lied, Bibliotek for juridiske fag, UB Bergen. Bård Tuseth, Juridisk bibliotek, UB Oslo, var ikkje til stades då biletet blei teke.



Besøk i to av forfatningsorgana i Tyskland, [Der Bundesrat](#) (til venstre) og [Deutscher Bundestag, biblioteket](#), (til høgre)



Besøk til slottet Sanssouci i Potsdam



Besøk til slottet Cecilienhof i Potsdam der den såkalla Potsdamkonferansen blei halden i 1945



Kva passa vel betre enn å avslutta konferansen med båttur i nydeleg vêr på elva Spree?